



Musikklaget spelar under nyopninga av Spar-butikken på forsommaren. (Foto: Ola Matti Mathisen.)

Uskedal Musikklag hadde i fjor ein sesong som var meir oppløftande enn på lenge. Rundt 15 musikarar møttest trufast til øvingar i eit kjekt sosialt miljø. Musikken dei framførte var publikumsvennleg på eit svært behageleg nivå, og laget fekk svært positive tilbakemeldingar på det som vart presentert. I morgon, tirsdag, er det klart for første øving denne sesongen. Då håpar leiinga at det dukkar opp nokre nye ansikt i tillegg til dei som var aktive i fjorårssesongen.

Dersom ein har hatt pause frå spelinga nokre år, er musikklaget ein flott plass å byrja. Vi nemner i den samanhengen at Per Myklebust gjorde come back i fjor etter om lag 35 års pause. Han stortrivdest og hadde så godt som 100% frammøte. Elles var musikarane sist sesong frå strekninga Rosendal til Sunde. Det er kjekt om det dukkar opp musikarar frå andre bygder i tillegg til Uskedalen.

Ingen må la seg skrema av vanskegrad og nivå. Dette vert tilpassa slik at det skal klinga best mogeleg. Øvingane er altå kvar tirsdag frå kl.20 til ca. kl.21.30, og øvingstaden er Uskedalen skule. Ekstra kjekt og ekstra bra vert det med godt frammøte!!

Dersom nokon har spørsmål, kan dei kontakte Knut Stensletten, mob. 995 51 950, eller nokre andre i laget.

Av: Thor Inge Døssland.